

## Prosjektskildring

*Eg søker med dette om midlar til manuskriptutvikling for ein digital edisjon av koralbokmanuskriptet LW 1664, som ligg i Nasjonalbiblioteket sine samlingar.*

**Koralbokmanuskriptet** stammar antakeleg frå Nykirken i Bergen, og vart brukt av fleire organistar i perioden (ca.) 1680-talet til 1740-talet. Det dokumenterer altså sider ved praktisk salmebruk i ein periode der det ikkje fanst trykte melodibøker – eller ein ikkje brydde seg om dei: Den offisielle melodiboka av Thomissøn var trykt på slutten av 1500-talet, og eksisterte ikkje lenger i bruk. Nyopptrykk blei berre gjort av salmetekstar. Den nye offisielle koralboka som Kingo gav ut i 1699 ser ut til å ha brukt lang tid på å få nokon særleg påverknad på praksisen.

Koralboka er skriven i nordtysk orgeltabulatur - altså bokstavnotasjon i gotisk handskrift. Den inneheld noko slik som 200 melodinedskriftar, av 4-5 ulike hender. Dei seinare nedskrivarane har retta i dei tidlegare nedskriftane: Anten for å passe melodien til ein seinare tillagt basstemme, eller dei har gjort andre endringar p.g.a. endringar i tidas smak. Ein kan altså finne opp til 3 ulike versjonar av same melodi på ei enkelt side.

### Tidlegare arbeid med manuskriptet:

Koralboka LW 1664 ligg no på Norsk Musikkksamling i Oslo, med katalognummer Mus.ms. 4577. Dei har digitalisert den, men tabulaturskriften gjer innhaldet vanskeleg tilgjengeleg for dei fleste.

På same katalognummer også ein del av koralboka i handsriven transkripsjon, mogelegvis av L. M. Lindemann. Denne er i vanleg noteskrift, men er ikkje fullstendig. Den viser heller ikkje dei ulike laga i nedskriftene, og ber mest preg av arbeid til eige bruk, der det er lagt vekt på å finne éin foretrukken melodiform, snarare enn å spegle kompleksiteten i materialet.

Koralbokmanuskriptet LW 1664 er tidlegare diskutert i artiklar av N. Schiørring (1959) og H. Huldt-Nystrøm (1968). Sistnemnde argumenterer for proveniens frå Nykirken via Lindemann, basert på nedskrivarane sine musikalske stilpreferanser, som plasserer dei tidsmessig i høve til ei rekkje av Nykirkens organistar.

Søkjjar skreiv hovudoppgåve om manuskriptet på Griegakademiet i 2004, og gjorde ved det høve ein tilnærma fullstendig handskriven transkripsjon.

### Digital publikasjon:

Eg synest materialet er veldig spanande å arbeide med, og har lyst å lage ei nettpublikasjon med melodiane i vanleg noteskrift, der dei ulike «laga» i manuskriptet kjem fram. For å gjere publikasjonen brukande for utøvarar, vil eg lage fullstendige meloditranskripsjonar som visar dei ulike melodivariantane, til å bla mellom. Utgåva vil dessutan få eit kritisk rapport, der eg gjer greie for dei edisjonstekniske vala som er gjort.

Ei tilsvarande papirutgåve ville bli veldig omfattande, og lite oversiktleg. Ei nettutgåve vil vere søkbar, ha plass til fleire variantar, vere rimelegare og lettare tilgjengeleg.

Andre tilsvarande arbeid på nett er gjort av Beckettarkivet

<http://www.beckettarchive.org/stirringsstill/MS-UoR-2933-1/1r?view=imagetext> og

Shakespeare Documented

<http://www.shakespearedocumented.org/exhibition/document/stationers-register-entry-venus-and-adonis>

### Mogeleg seinare vidareutvikling av prosjektet:

Det er element i melodimaterialet som ikkje umiddelbart er musikalsk forståeleg. Likevel ser

det ut til å ha vore i flittig praktisk bruk: At nokre av nedskriftene høyrer ”rare” ut kan difor like gjerne kome av kva våre moderne øyrer ventar seg, som av kvaliteten på materialet. Eg ser for meg at vidare arbeid med klingande realisering av materialet kan vere interessant, med metodar frå historisk informert framføring og kunstnarleg utviklingsarbeid.

### **Søkjars faglege bakgrunn og tilknytingar:**

Eg er Cand. Philol. som utøvande cembalist frå Griegakademiet, Universitetet i Bergen. Hovudoppgåva mi i 2004 handla om koralbokmanuskriptet, og denne vart gjeven beste karakter A.

Eg er no kunststipendiat ved Griegakademiet. Stillinga løper ut i slutten av januar 2017. Eg er også knytt til fagmiljøet på GA ved medlemskap i forskingsgruppa for tidligmusikk HIP-GA – denne tilknyttinga held fram etter avslutta stipendiatprosjekt, utan at det følgjer nokon stillingsprosent eller løn med dette.

Eg har vore i kontakt med følgjande personar og organisasjonar i samband med prosjektet, og har fått svært positive tilbakemeldingar for vidare samarbeid:

- Musikkamlinga ved Nasjonalbiblioteket: Ang. opphavsrett til den digitale utgåva av manuskriptet, samt rådgjeving i å lese av gotisk handskrift, og rådgjeving i edisjonsteknikk.
- Universitetsbiblioteket i Bergen ved musikkbibliotekar Kirstine Folmann: Ang. publiseringsplattform og teknisk utføring av den ferdige utgåva, samt rådgjeving i å lese av gotisk handskrift, og rådgjeving i edisjonsteknikk.
- Senter for Griegforskning ved Arnulf Mattes: Ang. rådgjeving i edisjonsteknikk, og prosjektstrategi.
- Musikkarvprosjektet ved Bjarte Engeset: Ang. presentasjon på deira konferanse i desember.
- Reformasjonsbyen Bergen 2017 ved Ragna Sofie Grung Moe: Ang. formidling og tilgjengeleggjering for publikum.
- Griegakademiet, inst. for musikk, ved forskingsgruppeleiar for HIP-GA Hans Knut Sveen: Ang. fagleg tilknytting, og prosjektstrategi.
- Kirkemusikk i Bergen Domkirke Menighet ved domkantor Ketil Almenning: Ang. kunstnarleg presentasjon under Kirkeautunnalen i 2017, i samband med Luther-jubileet.

### **Framdrift:**

Prosjektet er planlagt å starte 1. mars 2017, når stipendiatstillinga mi ved UiB har løypt ut. I fyrste fase, fram til august 2017, vil arbeidet bestå i reint transkripsjonsarbeid – å skrive inn melodimaterialet i eit digitalt format.

I denne fasen vil eg, forutan eigne arbeidstimar, trenge noko konsulenthjelp i finlesing av manuskriptet, og i edisjonsteknikk.

Eg vil også leggje vidare planar for publisering, saman med samarbeidspartnar – vonleg Universitetsbiblioteket i Bergen eller Musikkarvprosjektet.

Det er fyrste fasen av arbeidet eg her søker om stønad til.

Fase to, frå september 2017, vil bestå i ferdigstilling av transkripsjonsarbeidet og tilretteleggjing for det endelege publikasjonsmediet. I same fase vil eg starte kunstnarleg arbeid med materialet fram mot konsert i Bergen Domkirke i oktober.

Endeleg publikasjonsdato er enno ikkje fastsett, og vil kome an på samarbeidspartnar.

Søknad om finansiering av fase to vil bli laga på våren/forsommaren 2017, då eg har betre oversikt over komande arbeidsoppgåver.